

Kurs i offentlig helse- arbeid- helsejuss, klage og tilsyn 23. oktober 2020

Seniorrådgjevar Arne Erstad



Fylkesmannen i Vestland





Fylkesmannen

- Statens representant i fylket
- Avdeling helse, sosial og barnevern
- Forvaltningsoppgaver for sentrale myndigheter
- Tilsyn
- Klageinstans for kommunale vedtak og vedtak i spesialisthelsetenesta - rekkeføljeprinsippet
- Vedtak om tvang – klage- og kontrollinstans



Del 1

klage og tilsyn



Planlagt tilsyn

Tilsyn med leiinga (presens)

Sørgjer kommunen for forsvarlege tenester

Intervju

Ikkje tilsyn med enkeltpersonell

Systemrevisjon



Tilsyn hendingsbasert

Døme:

Har pasienten fått forsvarleg helsehjelp?

Har pasienten fått øyeblikkeleg hjelp?

Har helsepersonell brote teieplikta eller snoka i journal utan grunn?

Har helsepersonell blanda roller?

Har helsepersonell ein åtferd som kan svekke tilliten til helsepersonell / helsetenesta?

Legemiddelbehandling med A- og B preparat



Endring av tilsyn – bedre tenester

- Avklaringsmøte
- Saka blir ikkje følgd opp
- Hente inn pasientjournal for vurdering
- Helsetenesta følgjer opp
- Verksemda følgjer opp – med tilbakemelding
- Vanleg tilsynssak
- Tilsynsmøte
- Stadleg tilsyn



Klagesaker – kjenneteikn - framtid

- Rett til nødvendig helse- og omsorgstenester i kommunen
 - leger: legemiddelbehandling
- Rett til innsyn i journal
- Rett til sletting og retting i journal



Nødvendig helse- og omsorgstenester i kommunen

Kommunenes ansvar:

..yte nødvendig helsehjelp for alle som oppholder seg i kommunen..



Innsyn

- Hovudregel er at pasienten eller den pasienten gir samtykke får innsyn - Unntak for å hindre alvorleg helseskade/utilrådeleg mot nære personar
- Over 16 år og openbart ikkje kan ivareta sine egne interesser har næraste pårørande og pasienten har krav same informasjon
- Etter pasienten er død har næraste pårørande krav på innsyn om ikkje særlege grunner
- Særleg om barn



Retting/sletting i journal

Av eige tiltak viss feil i journal

Her kan pasienten òg be om retting/sletting

Moment;

- Er opplysningane feil og belastande?
- Er opplysningane openbart ikkje nødvendig for å gi vidare helsehjelp



Klage – rekkefølgeprinsippet

- Avslag søknad om nødvendig helse- og omsorgstenester, krav om innsyn i journal og sletting/retting i journal.
- Pasienten kan klage. Klagen skal sendast til den som har tatt avgjerda
- Viss ikkje medhald
 - Tenesta sender saka til Fylkesmannen for endeleg avgjerd, saman med ein grunngjeving



Del 2

Forsvarleg verksemd


Samtykke

Unntak frå krav om samtykke



Meir om kravet til forsvarleg verksemd

Forsvarlighetskravet





Krav til fagleg forsvarleg verksemd

Individansvar

- helsepersonell skal opptre i tråd med faglege normer og lovbestemte krav

Leiaransvar

- Verksemda har eit ansvar for å legge forholda til rette for helsepersonell.
(opplæring, rutinar og prosedyrar, internkontroll, tilgang på materiell / kompetent personale)



Sak 1

Ein nyutdanna sjukepleiar på sjukehus hadde ein travel dag på jobb og gav medisin til feil pasient. Spl oppdaga straks at pasienten fekk biverknadar og varsla sjefen. Lege blei tilkalla og tiltak sett i verk for å hindre fatale følgjer. Pasienten døde likevel etter nokre veker, men som følgje av noko anna. Fylkesmannen konkluderte i tilsynssaka med at sjukepleiar hadde brote kravet til forsvarleg verksemd, men avslutta saka utan reaksjon. Fylkesmannen vektla at spl var uerfaren og at vedkommande varsla sjefen.

Har dødsfallet betydning?

Fylkesmannens argumentasjon?



Pause



Pasientrettar – retten til å bestemme sjølv

- Hovudregel - eit informert samtykke (4-1)
- Pasienten har rett til å gjere eigne val og medverke til helsehjelp på eigne premiss så langt det er mogeleg og forsvarleg
- Formkrav?
- Foreldre på vegne av barn (4-4) – barns beste
- Over 18 år utan samtykkekompetanse som ikkje set seg i mot – helsepersonell tek avgjerda (4-6)
 - Alvorleg inngrep – Den ansvarlege tek avgjerda etter samråd med næraste pårørande og anna kvalifisert helsepersonell



Mot pasientens vilje, -) **heimel - ØH**

Påtrengande og nødvendig - Ved tvil – undersøke unntak

- Rett til å nekte å få blod
- Rett til å nekte å avbryte en pågåande sveltestreik
- Døande pasient har rett til å sette seg i mot livsforlengande behandling



Anna heimelsgrunnlag -) **heimel**

Reglane i

- Psykisk helsevernlova
- Smittevernlova – isolasjon på sjukehus eller andre godkjente stader
- Pasient- og brukarrettslova kapittel 4a
- Helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 – utviklingshemma
- Helse- og omsorgstenestelova kapittel 10 – rusoverforbruk



Grunnprinsipp for tvang

- alternative løysingar/tillitskapande tiltak er vurdert/prøvd
- det minst mogleg inngripande tiltaket
- tiltaket er i tråd med **formålet**
- tiltak er **forhaldsmessig**
- tiltaket er fagleg og etisk **forsvarleg**
- tiltaket er beste løysning for pasienten



Del 3

Teieplikt

Unntak



Teieplikt

- Opplysningar du får som helsepersonell
- Tillit til helsetenesta
- Bevis
- Snokeforbod



Unntak

Vesentlege offentlege eller privatrettslege interesse – naudrett. Hpl § 23 nr 4

Når pasient er død til næraste pårørande – om ikkje særlege forhold

Når pasient er død – opplysningar til andre pårørande om vektige grunnar (samfunn/antatt vilje/arv)

Samtykke

Til læring

Til samarbeidande helsepersonell – om ikkje konkrete haldepunkt for motstand

- Viss motstand – obs på § 23 nr 4 – høy terskel

Smittevernlova § 2-2 – om smittestatus og andre nødvendige opplysningar – fare for smitte og ikkje samtykke – plikt ved openbar fare



Sak 2

Kvinne 37 år har budd seks måneder i Lillevik og kjem stadig til legevakt med sin 15 år gamle dotter, ofte med ambulanse. Du tek i mot pasienten, undersøker men ingen objektive funn. Mor vil gjerne vere med under konsultasjonen og opplyser om at dotter hadde krampe. Ingen andre var til stade når det skjedde. I legevaktjournal står det om tidlegare undersøkingar der pasienten var dårleg og legen mistenkte at dotter hadde fått gift i seg. Det står i journalen at mor tok seg av kommunikasjonen og at dotter ikkje sa noko, sjølv etter fleire forsøk frå lege. Det kjem og fram at dotter var lagt inn på sjukehuset du jobba i for eit år sidan og du kan hugse at det blei drøfta om mor skada dotter og deretter kontakta ambulanse. Du ber om å få hente inn journal frå dette sjukehuset, men mor nektar tvert. Drøft om det er mogleg å hente inn opplysningar frå sjukehuset og kva som kan gjerast.



Opplysningsplikt

Omsyna bak teieplikta slår ikkje gjennom

- Tilsynsstyremaktene
- Naudetatar
- Sosialtenesta
- Barneverntenesta
- Politi
- § 17 - fare for pasienttryggleiken
- Helsekrav dårleg – ikkje kortvarig – ikkje førarkort



Sak 3

Fastlegen er bekymra for ein pasient på 40 år som har eit alkoholproblem. Ho er sjukepleiar og jobbar 60% dag på ein sjukeheim. Alkoholproblema har ho hatt i mange år og det har gått opp og ned. Ho kjem køyrande til undersøkingar og er edru. Det er ikkje konkrete haldepunkt for at pasienttryggleiken er i fare, men fastlegen er ikkje sikker. Fastlegen er kjend med at helsepersonell skal melde frå til tilsynsstyremakta om forhold som kan medføre fare for tryggleiken til pasientane, jamfør helsepersonellova § 17, men fastlegen er òg oppteken om at helsepersonell med rusproblem skal ha tillit til å oppsøke fastlegen. Drøft problemstillinga.



Lykke til vidare